

Terminliste Moro på ski - Telenor Karusell 2019

Skicross	Sun. 30. des, kl. 13.00–14.00	Myra i Bavallen (Avslutningsrenn på jolakurset).
Parallelslalåm	Tors. 17. jan, kl. 17.30–20.00	Vetlebakken, Bavallen
Young Attaching Vikings	Laur. 23. feb.	Påmelding på Slettafjellet frå kl 11.00
3 øvingar: speedskiing, skicross og parallellstorlalåm		
Slalåm	Tors. 21.mars, kl. 17.30-20.00	Myra i Bavallen

Gratis for alle. Gåvepremiar til alle vert delt ut på premieutdelinga etter det siste rennet. Me satsar på bålpanne og varm drikke i grindbygget, på renn og nokre treningar.

Bavallsrennet: 26.- 27. januar
Bama Alpinfestival, Ål: 22.-24. mars.

Jolakurs

Laurdag 29.12. og søndag 30.12.
Oppmøte ved varmestova i Bavallen.
Kl. 10.00–14.00. Kr. 600 for 2 dagar.

VOSZA Leik

Skikurs 3 dagar i vinterferien, veke 10.
Frå kl. 10.00–14.00.
Det kjem eigen påmelding for skileiken
på www.vossalpin.no og på Fjesboka.

Kontaktpersonar i Voss Alpin:

Olav Lødemel, leiar: tlf: 920 90 310, e-post: olodemel@gmail.com
Dag Sandvik, trenar Voss Alpin: tlf: 911 11 356, e-post: dag.sandvik@gmail.com

Sjå www.vossalpin.no for nærare detaljar om aktivitetar, endringar og moglege avlysingar.



Våre hovudponorar er: Voss Resort, Fleischers Hotel, Voss Sparebank, Myrkdalen, Vekselbanken og Voss Energi.

VOSZA alpin

Skisesongen 2019



Bli med å ha
det moro på
slalåmski!

Trening

Frå jul til påske trenar rekruttane på Myra i Bavallen frå kl. 18.00–19.45.

Oppmøte ved Varmestova i Bavallen kl. 17.45 for opprop og felles avreise opp med stolheisen. Møt presis så ikkje kameraten din må vente på deg. Det blir og nokon treningar i Vetlebakken ved Bavallstunet. Følg med på www.vossalpin.no for informasjon om treningstidene veke for veke. Tysdagar og torsdagar er det Ekspress-heisen som går. Foreldre kan ta ein gratistur med stolheisen, for å kome seg opp i lag med borna sine.

På Myra vert det hopp, skicross- og kuleløyper, orgeltramp og portar. Vi deler inn etter alder og erfaring. Her får borna moglegheit til å utvikle seg til gode skiløparar gjennom leik og moro og dei får variert og god trening, i eit flott miljø for skiglade born.

NB! Dette er ikkje ein skiskule for heilt nybyrjarar, så borna MÅ kunne ploge, svinge, stoppe og ta tallerkenheis sjølve. Yngre born må ha følgje av foreldre heile tida.

For å vere med på treninga i Voss Alpin må du vere medlem i Voss IL eller i IL Ørnar. Meld deg inn via heimesida til laga.

Informasjon om treninga for "U10 år og yngre", finn du på www.vossalpin.no under "Grupper", eller fjesboksida "Voss Alpin Rekrutt" som er open for alle. Her vert same info lagt ut.



VOSZAalpinist

Vi takkar Taubaneteknikk AS, Norbits, Kåre Neteland AS, Indre Hordaland Miljøverk, og Logolink AS for støtte til denne faldaren og til breiddesatsinga i Voss Alpin.

Mykje kjekt å vere med på; trening ute og inne, møte nye vener, bålpannekos, fart og spenning, og flotte naturopplevingar! Bli med da vel. Me gler oss til å sjå deg på ski i vinter!

